858 meter høgdeskilnad! 10.06.2010

Høgdeskilnaden er 858 meter! (Foto: Ola Matti Mathisen)

Solfjelløpet, som sundag går for andre gongen, er både ei svettande og fristande oppleving for dei som startar.

Løypa er 4,8 kilometer lang, men det er høgdeskilnaden som er poenget: Ein startar 34 meter over havet ved Haugland og endar 892 meter over havet på toppen av fjellet.Det betyr at ein klatrar 858 høgdemeter!

Og ikkje nok med det: I konkurranseklassa må ein ha med ein sekk på 2,5 kilo. Sekken skal innehalda overtrekksklede.

Nytt i år er ei ny klasse for begge kjønn samt 90 kilos klasse (konkurranseklasse).

Som i fjor blir det delt ut 50 ekstra turpoeng til alle som når toppen og alle som er med får deltakarmerke.

Beste idrettslag, med dei 3 beste frå same lag uansett kjønn, blir kåra og får ein vandrepokal.

Turløparane startar før konkurranseklassa. Oppmøtet er på Heio.

I fjor var det Vegard Årthun Bergane frå Matre som var raskast i det første motbakkeløpet i Uskedalen og han kom inn på 45,28 i solsteiken. Det er venta ny løyperekord i år. I fjor starta 20 i konkurranseklassa og 46 i trimog mosjonsklassa.

Av Ola Matti Mathisen

Vegard Årthun Bergane nærmar seg toppen i fjor. (Foto: Kjell Yri)